

Til
Utdannings- og forskningsdepartementet

Dok. 46
UFD
15 SEPT. 2005
Saksnr. 200500140
Arkivkode: 50

Journalnr.: 173/05/SN/C0700

Hellerud, 13.09.05

Innspel på høyringsnotat om ny felles forskrift om opptak til universitet og høgskolar

Vi viser til Utdannings- og forskningsdepartementet sitt høyringsnotat om ny opptaksforskrift og høyringsbrev av 30. juni 2005 (referansenr 200500140), og vil her tillate oss å koma med innspel frå Norske 4H sjølv om vi ikkje formelt er høyringsinstans.

4H-vitnemål har tidlegare gjeve tilleggs poeng ved opptaket til høgare utdanning, iallfall til nokre skular før opptaket vart samordna, men gjev ikkje poeng no. Frå skuleåret 1997/98 vart det innført 3 tilleggs poeng for folkehøgskule. Med ny opptaksforskrift, meiner Norske 4H at 4H-vitnemålet no må få status på linje med vitnemål frå folkehøgskule, sidan det må reknast som minst like kompetansegivande i forhold til høgare utdanning. Vi ønskjer å grunngi dette nærare.

4H er ein religiøst og partipolitisk nøytral barne- og ungdomsorganisasjon med medlemmer i alderen 10-25 år. Det som skil 4H frå andre slike organisasjonar, er at det er medlemene sjølv som styrer klubbane, ikkje foreldra. Foreldre kan delta som rådgjevarar og hjelpe til, men har ikkje røysterett i styret og det er leiaren (i medlemsalder) som leier alle møta. Det blir lagt vekt på organisasjonsopplæring, og alle fylke arrangerer kvart år eitt eller fleire kurs i styrearbeid, spesialisert for kvart enkelt styreverv.

Eit anna svært viktig trekk er at medlemene kvart år gjennomfører eit 4H-prosjekt (tidlegare kalt 4H-oppgåve). Dette prosjektet har visse førehandsbestemte krav for å bli godkjent og inneheld både praktiske og teoretiske delar. Krava stig til dels etter som medlemene blir eldre. Til dømes må alle prosjekt frå medlemene er 12 år innehalde arbeidsplan, rekneskap og sluttrapport ("melding"), mens dei frå dei er 15 år også må setje opp budsjett. Tilsvarande stigning er det også for dei praktiske krava. Alle må dessutan gjennomføre ein klubbaktivitet der dei instruerer og lærer bort noko frå prosjektet til dei andre i klubben, samt laga ei utstilling på haustfesten i oktober.

Elles er det mange andre arrangement. Det kan vera storkurs der medlemene deltar på temakurs, volleyballturneringar, dyrisk dag og leirar, både på fylkesplan, landsplan og for heile Norden.

Etter *minst sju godkjente 4H-år*, får medlemene tildelt 4H-vitnemålet. Her tel ein med åra frå og med medlemen fylte 12 år, dvs. at det sjuande året tidlegast kan koma når medlemen fyller 18 år. 4H-vitnemålet blir da vanlegvis delt ut på nyåret det året medlemen fyller 19, saman med ein plakett i bronse. For at eit 4H-år skal vera godkjent, krevjast det minst 50% oppmøte på alle arrangement gjennom året sett under eitt, og at ein har oppfylt krava til 4H-prosjektet. Her kan det også nemnast at mange startar som aspirantar allereie den våren dei fylte 10, slik at dei har ni aktive år bak seg når dei mottar 4H-vitnemålet og plaketten.

Andre viktige moment:

- 4H-vitnemålet er standardisert for heile landet, og det er derfor enkelt å sjå for opptaksorgana at det er eit korrekt 4H-vitnemål.
- Opplysningar om medlemen og kva for verv og prosjekt han/ho har arbeidd med de ulike åra blir fortløpande registrerte i vårt sentrale medlemsregister.
- 4H har kontor i kvart fylke, som oftast på Statens hus. I tillegg har Norske 4H kontor på Hellerud. Dette gjer at opptaksorgana lett kan kontakte nokon dersom dei likevel skulle vera i tvil om dokumentasjonen er korrekt, ønskjer å kontrollere vitnemålet dersom dei har fått tilsendt ein ikkje-attestert kopi etc.

Dei konkrete endringane vi gjer framlegg om i høyringsutkastet til opptaksforskrifta, er følgjande (endringar understreka):

§ 7-19 Tilleggspoeng for høgere utdanning, ett år på folkehøgskole, 4H-vitnemål, siviltjeneste eller militær førstegangstjeneste, og relevant arbeidspraksis

A. For alle studier bortsett fra profesjonsutdanningen i medisin gjelder følgende regler:

(1) Det gis 3 tilleggspoeng for:

enten et fullført årsstudium eller samlet 60 studiepoeng (20 vekttall) ved universitet eller høyskole, eller ett år på en folkehøgskole med godkjent skoledokumentasjon, eller minst sju godkjente 4H-år dokumentert med 4H-vitnemål, eller fullført militær førstegangstjeneste eller siviltjeneste.

(...)

B. For opptak til profesjonsutdanningen i medisin gjelder følgende regler:

(5) For opptak til profesjonsutdanningen i medisin gis det tilleggspoeng for høgere utdanning tatt ved universitet eller høyskole, lønnet relevant arbeidspraksis, militær/sivil førstegangstjeneste, folkehøgskole eller 4H-vitnemål. Det kan maksimalt gis 12 tilleggspoeng.

(...)


(9) **Folkehøgskole, 4H-vitnemål eller militær-/sivil førstegangstjeneste**


Det gis 3 tilleggspoeng for enten ett år på en folkehøgskole med godkjent skoledokumentasjon, minst sju godkjente 4H-år dokumentert med 4H-vitnemål eller fullført militær førstegangstjeneste eller siviltjeneste. Søkere som vurderes etter 23/5-regelen får ikke tilleggspoeng for eventuell folkehøgskole eller militær-/sivil førstegangstjeneste som inngår i den generelle studiekompetansen (opptaksgrunnlaget).

Ved spørsmål om framlegget vårt, eller dersom de ønskjer ytterlegare informasjon, er de velkomne til å ta kontakt med Norsk 4H på telefon 64 83 21 00/ 01.

Vi ser fram til å høyre frå dykk angående departementet sitt vedtak om ny opptaksforskrift.

Med venleg helsing Norske 4H


Peggy Jensen
kons. generalsekretær


Signe Nylend
fagkonsulent

Vedlegg: Døme på 4H-vitnemål (ikkje vedlagt e-post)